Arbeidsprogram 2026–2028

Kva er arbeidsprogrammet?

Arbeidsprogrammet definerer satsingane til Naturvernforbundet mellom landsmøtet 2026 og landsmøtet 2028. Det gir retning for heile organisasjonens arbeid, mens prinsipprogrammet fortel kva me meiner. Landsstyret følgjer opp iverksetjinga av arbeidsprogrammet gjennom jamleg rapportering frå generalsekretæren.

Arbeidsprogrammet inneheld fem hovudmål, med delmål innan fire av områda. Dei tre første hovudmåla dreier seg om korleis me møter natur- og klimakrisa. Det fjerde hovudmålet handlar om å auke engasjement, kunnskap og oppslutnad om sakene våre. Under det femte hovudmålet skisserer me delmål for ein sterk og brei organisasjon, i tråd med «Naturvernforbundet 2030» vedteke på landsmøtet i 2022. Eit viktig oppdrag for Naturvernforbundets sekretariat er å styrke lokal- og fylkeslaga i arbeidet med arealsaker.

Naturvernforbundets formålsparagraf:

1. *Naturvernforbundet vil arbeide for å verne naturen og sikre livsmiljøet, slik at menneskeleg verksemd ikkje overskrid tolegrenser i naturen.*
2. *Naturvernforbundet vil arbeide for eit samfunn der menneska lever i harmoni med naturen. Dette er eit samfunn der livsgrunnlaget og livsmangfaldet er sikra for framtidige generasjonar, og der naturens eigenverdi blir lagt til grunn for arbeidet med å auke menneskjers respekt for og kjærleik til liv og landskap.*

Hovudmål 1: Lågare forbruk

Naturvernforbundet vil jobbe for eit lågare forbruk av energi og ressursar, eit samfunn prega av sirkulær økonomi og eit skattesystem som i større grad bidreg til å redusere og avkarbonisere forbruket vårt, på ein måte som er omfordelande og rettvis. I arbeidsprogrammet vil me jobbe for at Noreg vedtek eit mål for redusert energiforbruk, materielt fotavtrykk, auka ombruk og sirkularitet, med konkrete tiltak og verkemiddel. Me vil fokusere på løysingar som reduserer natur- og klimaavtrykket av mat, tekstil, plast og mineral, samt reduserer bruk av transport og energi.

Hovudmål 2: Stans naturtapet

Naturen treng eit langt sterkare vern. Ei hovudprioritering for 2026-2028 er kampen mot arealøydelegging, til støtte for Naturavtalen og FN sine berekraftsmål om å ta vare på naturen i sjø og på land. Noreg må følgje opp dei internasjonale natur- og klimaforpliktingane sine og vere i rute med målet om 30 % vern og 30 % restaurering av forringa natur på land og til havs innan 2030.

I tråd med FN sine målsettingar i Naturavtalen skal netto natur i Noreg auka gjennom ivaretaking av natur, spesielt truga naturtypar, og restaurering av øydelagt natur. Naturvernforbundet skal bidra til å stanse naturøydelegging frå energiutbygging, bustad- og hyttebygging, hogst, vegar, gruvedrift, forureinande oppdrett og annan arealkrevjande industri (til dømes datasenter).

Me skal arbeide for livskraftige bestandar av dyre- og planteliv. Naturvernforbundet skal støtte bevaring av naturgrunnlaget for samisk kulturutøving. Me har fem delmål for Naturvernforbundet sitt naturarbeid for perioden:

2.1 Naturen får sterkare rettsvern

Naturvernforbundet skal jobbe for at gjeldande lovverk blir overhalde, og at rettsvernet for naturen blir styrka. Norske kommunar skal føre arealrekneskap og restaurere natur i tråd med internasjonale avtalar. Hovudprinsippet i arealforvaltinga må vere gjenbruk av tidlegare utbygde areal. Me vil arbeide for stans i utbygging i strandsona og kantsoner. Naturvernforbundet vil difor jobbe for at Statsforvaltaren får meir myndigheit i kommunale arealvedtak, og dei må få rett til motsegn i statleg plan. Ved større arealendringar må utbyggjar restaurere eit minst like stort areal av tilsvarande, men forringa natur. Me vil jobbe for auka statleg finansiering av miljøkompetanse i kommunane. Noreg må få fleire nasjonalparkar, verneområde og utvalde kulturlandskap. Ansvaret for konsekvensutgreiing må flyttast vekk frå utbyggjar, som framleis må ta utgiftene.

2.2 Kommunane gjennomfører planvask og naturrestaurering

All utbygging må følgje strenge kriteria som hindrar nedbygging av natur. Naturvernforbundet vil jobbe for at kommunar gjennomfører planvask, skaffar oversyn over arealøydelegging og legg planar for restaurering av øydelagt natur. Naturvernforbundet skal bidra til ein meir aktiv bruk av naturmangfaldlova ved å etterspørje desse vurderingane i plansaker der dei er utelatne eller mangelfulle. Miljørørsla må få høve til å bidra i planprosessar og mobilisere alternative forslag og utgreiingar. Staten må gi føringar om at areal som er avsett til nye hyttefelt, må omregulerast. Naturvernforbundet vil arbeide for at forbodet mot nedbygging av myr blir gjennomført. Grøfta myr og våtmark må restaurerast.

2.3 Noreg tek vare på hav og fjordar

Staten må dokumentere miljøverdiar i norske havområde gjennom uavhengig forsking og ta vare på desse verdiane gjennom marint vern. Forskingsbasert kunnskap om nødvendige tiltak som må innførast for å stanse tapet av marine artar og forringing av det marine miljøet, må bli lytta til. Naturvernforbundet vil jobbe for stans av dumping av gruveavfall i sjø og innføre eit langvarig moratorium som forbyr utvinning av havbotnsmineralar.

Fiskeoppdrett må ikkje aukast. Fiskeoppdrett må over i utsleppsfrie anlegg, utan tap av natur eller skade på miljøet. Inntil alle anlegg er utsleppsfrie, må miljøkrava bli strengare og biomassen redusert. Me krev også strengare reinsing av utslepp frå alle settefiskanlegg. Me skal arbeide for stans i alt torskeoppdrett. Industrifiske med tung botnslepande reiskap må stansast til fordel for meir skånsame og berekraftige haustingsmetoder.

2.4 Stans i naturøydeleggjande kraftutbygging

Noreg treng ei meir strategisk prioritering av både kraft og areal til fellesskapets beste, og Naturvernforbundet vil difor løfte diskusjonen kring prioritering, t.d. knytt til etablering av datasenter. Me vil presse på for at energieffektivisering og energisparing får høgare prioritet, sterkare og sosialt rettferdige verkemiddel og naudsynt statleg støtte. Me ønsker eit prissystem på straum som stimulerer til straumsparing.

Naturvernforbundet vil arbeide for bergvarme i og solkraft på offentlege bygg og industribygg, og for at ny fornybar energi må byggjast ut på ein måte som ikkje øydelegg natur. Me går òg inn for naturvenleg modernisering av gamle vasskraftverk. Me vil jobbe lokalt og nasjonalt for å stanse naturøydeleggjande kraftutbyggingsprosjekt, hindre all utbygging i verna vassdrag og presse på for at omsynet til naturen vektar høgt i vilkårsrevisjonar for vasskraft.

2.5 Skogbruk og skogforvalting innanfor naturens tolegrenser

Halvparten av dei raudlista artane i Norge lever i skogen, og skogen er eit viktig karbonlager. Det må innførast eit hogstmoratorium i dei siste naturskogane inntil uavhengige registreringar er gjennomførte og vernebehovet vurdert. Naturvernforbundet vil i perioden arbeide for at dei siste naturskogane blir underlagt fagbiologiske registreringar, utførte av personell utan bindingar til næringa. Miljøsertifiseringane i skog kan heller ikkje vera underlagt næringas kontroll som i dag.

Det trengst ein revisjon av skoglova som sidestiller skognæring og naturvern i skogen, og hogst i hekketida må bli forbode. Ein lovheimel for restaurering og landskapsøkologisk planlegging i skog må etablerast. Me vil arbeide for at flatehogst blir fasa ut, og for at det blir lagt til rette for ein overgang til kontinuitetsskogbruk. Avvirkinga må ikkje vere større enn tilveksten. Allmentas innsyn og medverknad må sikrast gjennom generell meldeplikt for hogst og søknadsplikt for hogst i naturskog. Me vil at staten, gjennom statsforvaltarane, skal ta ei aktiv rolle i å drive fram vern, mellom anna med innsal av frivillig vern i område med store naturverdiar. Det må etablerast ein lovheimel for restaurering og landskapsøkologisk planlegging i skog. Me vil arbeide for eit forbod mot utplanting av framande treslag, og aktivt hindre at desse spreier seg i naturen.

2.6 Betre forvalting av kulturlandskapet og gamle kulturmarker

Dei kulturbetinga/semi-naturlege naturtypane er no mellom dei sterkast truga naturtypane i Noreg. Dette er artsrike naturtypar som har karakterisert det norske landskapet i fleire tusen år. Vi treng ein landbrukspolitikk som tek betre vare på dei. Målsettinga om å ha jordbruk i heile landet og ein variert bruksstruktur må følgjast opp betre. Det avgrensa arealet av dyrka mark i Noreg må takast vare på og framfor alt nyttast til mat til menneske, medan beiting bør skje på naturbeitemark. Satsing på sirkulær økologi og sirkulær økonomi i jordbruket som heilskap er viktig for best mogleg utnytting av jordbruksareala for matproduksjon på lang sikt, utan unaudsynleg energibruk.

2.7 Ansvarleg mineralnæring

All mineralutvinning bør skje i lukka anlegg og ikkje i dagbrot, og gruverestar bør tilbakefyllast i gruvegangane. Prinsippet om at forureinar betaler, gjeld òg her, slik at det bør stillast strenge krav til reinsing av avløpsvatn og oppbevaring av restmassar. Før nye gruver blir opna, må gamle gruvedeponi ryddast opp i, og restverdiane må bli betre utnytta.

Hovudmål 3: Klimakutt og rettferdig omstilling

Naturvernforbundet vil bruke alle aktuelle høve til å krevje planmessige kutt i utslepp av klimagassar i Noreg, reduksjon av det norske klimafotavtrykket og at me held lovnadane våre etter Parisavtalen. Ei hovudprioritering for Naturvernforbundet i 2026–2028 er ei rettferdig grøn omstilling av Noreg. Det krev at me aktivt forlèt fossilalderen og senkar forbruket av energi, areal og ressursar i tråd med anbefalingane frå Klimautvalet 2050. Me har fire delmål for Naturvernforbundet sitt klima- og forbruksarbeid for perioden:

3.1 Stans i nye tildelingar av olje- og gasslisensar

Naturvernforbundet vil jobbe for ei rettferdig, naturvenleg omstilling vekk frå olje- og gassproduksjon. Saman med miljø- og fagrørsle og andre delar av sivilsamfunnet skal me arbeide for at Noreg sluttar å leite etter ny olje og gass på norsk sokkel og stansar utbygginga av nye felt i tråd med ei planlagt og gradvis utfasing av norsk olje- og gassverksemd. Dette inneber og ein slutt på særlege skattefordelar for olje- og gassindustrien og at Noreg forlét planane om å elektrifisere petroleumssektoren vidare.

3.2 Kraftige, raske og rettferdige klimakutt

Me vil stille staten til ansvar for ein klimapolitikk som bryt med menneskerettane og som pålegg urfolk, sårbare grupper og framtidige generasjonar ei urettferdig stor og skeiv byrde ved å måtte leve med konsekvensane av vår manglande klimahandling. Difor ynskjer me å oppnå eit sterkare klimarammeverk som skal beskytte oss mot klimaendringar gjennom kraftige, raske og rettferdige klimakutt.

I denne arbeidsprogramperioden vil me òg jobbe for klimahandling lokalt i kommunane. Me vil spreie kunnskap om korleis klimaendringane rammar lokalt og peike på klimaløysingar som ser klima- og naturkrisa i samanheng, og jobbe for at myndigheitene tar omsyn til klima i arealplansamanhengar. Me vil dessutan kritisere aktørar som nyttar klimaargument for å pynte på klima- og naturskadeleg verksemd. Me krev at ei ordning for Karbonavgift til fordeling (KAF) blir lagt fram for Stortinget. Dei store industrielle punktutsleppa står for meir enn halvparten av dei norske klimagassutsleppa på land. Naturvernforbundet vil arbeide målretta for at myndigheitene konkretiserer og intensiverer planane for avkarbonisering av industriane med store punktutslepp.

3.3 Ein meir natur- og klimavenleg transportpolitikk

Me skal jobbe for at Noreg reduserer transportbehovet og flyttar folk og varer over frå fly, bil og trailer til buss, sykkel, bane og sjø. Jernbane, bybaner og andre kollektivtilbod er høgt prioritert av Naturvernforbundet. For jernbanen vil me presse på for å ta att vedlikehaldsetterslepet, elektrifisere fleire strekningar, byggje kryssingsspor og ruste opp jernbanenettet med fleire dobbeltspor.

Staten må seie nei til fleire rullebaner og kraftig redusere forureinande cruisebåtanløp. Me skal stanse motorvegbygging og snu fokuset til klimatilpassing, vedlikehald, trafikksikring av fylkesvegar, gul stripe på europavegstrekningar og infrastruktur for mjuke trafikantar. All planlegging av vegbygging skal ta utgangspunkt i firetrinnsmetodikken.

Hovudmål 4: Folkerørsle for natur og miljø

Dei neste to åra vil me fortsette å setje agenda og vere synlege, nå ut til nye målgrupper og rekruttere fleire medlemmer og aktive. Me skal fremje løysingar i klima- og natursaker og sørge for at miljø er høgt på dagsorden i kommune- og fylkestingsvalet i 2027. Me har fire delmål for perioden:

4.1 Ei stor og brei rørsle

Naturvernforbundet har som mål å auke frå 43 000 hausten 2026 til 48 000 medlemmer innan utgangen av 2028. Me skal bli ein meir mangfaldig organisasjon som når ut til nye grupper og rekrutterer breiare, i tråd med måla for «Naturvernforbundet 2030». Me skal vere til stades på fleire arenaar og vise fram breidda i det frivillige arbeidet i organisasjonen, og kommunisere slik at fleire kjenner at dei høyrer heime i Naturvernforbundet. Me styrkar alliansar med andre organisasjonar, fagrørsla og andre aktørar og søkjer breidde i kven me samarbeider med.

4.2 Opplevingar som styrkar engasjement

Me skaper møteplassar og aktivitetar der folk kan få bruke engasjementet sitt. Endå fleire skal få oppleve at dei kan bidra, og at engasjementet deira nyttar. Me tilbyr kurs, undervisningsopplegg, turar, dugnader og andre aktivitetar for medlemmer og andre, og viser fram breidda av aktivitetar i organisasjonen.

4.3 Miljø høgt på agendaen i lokalvalet

Naturvernforbundet sin organisasjon skal ha støtte til natur- og klimakrav i kommunevalkampen som prioritet i 2027. Me ønskjer å samarbeide med eit breitt lag av miljø- og friluftsorganisasjonar for å løfte klima og natur inn i den nasjonale debatten under valet og gjennomføre lokale arrangement og debattar.

4.4 Me fremjar løysingar

Naturvernforbundet skal vere ein premissleverandør for media og styremakter. Me skal vere ei truverdig fagleg kjelde og jobbe for å auke kunnskap og medvit om miljøspørsmål. Me skal formidle korleis klima- og naturkrisa heng saman og informere om dei mange moglegheitene for å kutte utslepp av klimagassar og stanse natur- og arealtap. Me skal ta til orde for forsvarlege løysingar i klima-, natur- og miljøspørsmål, både i politikken og i kvardagen, og vise at dei viktigaste tiltaka inneber å redusere forbruket av energi, areal og ressursar.

Hovudmål 5: Sterk organisasjon over heile landet

Naturvernforbundet sin største ressurs er våre tillitsvalde og aktive medlemmer. Me skal vere ei demokratisk folkerørsle for natur og klima som set dagsorden. Verdfull natur finst frå fjord til fjell og frå nord til sør. Difor skal Naturvernforbundet ha eit sterkt nærvær over heile landet. Me skal vere eit sosialt fellesskap som det gir glede og verdi å engasjere seg i. Me har fire delmål for perioden:

5.1 Fleire medlemmer deltar

Me vil prioritere å styrke kommunikasjonsarbeidet retta mot medlemmer, og særleg informasjonsflyten om kva som skjer lokalt. Lokal- og fylkeslag skal få støtte frå nasjonalt hald i arbeidet.

5.2 Breiare rekruttering og inkludering i styrande organ

Naturvernforbundet skal arbeide for at tillitsvalde i styrande organ reflekterer mangfaldet blant medlemmene. Utvikling av gode system for kompetanseheving og oppfølging av tillitsvalde skal vere ei særleg prioritering i perioden. Samarbeidet mellom Naturvernforbundet, Natur og Ungdom og Miljøagentane skal styrkast.

5.3 Aktive lokallag som vinn kampsakene sine

Det er eit mål å ha lokallag for alle kommunar der me har medlemmer. Lokallaga er grunnpilaren i forbundet og det primære kontaktpunktet for medlemmene. Naturvernforbundet sitt sekretariat følgjer opp miljøsaker som lokal- og fylkeslag arbeider med og kan i særskilt store og prinsipielt viktige enkeltsaker yte ekstra hjelp. Medlemmer og lokale tillitsvalde skal få tilbod om kurs og arrangement for fagleg kompetanse og erfaringsutveksling. Faglege nettverk for tillitsvalde skal styrkast, og organisasjonen skal nytta dei faglege nasjonale utvala i fagutviklinga.

5.4 Sterke fylkeslag som byggjer opp om lokallaga

Naturvernforbundet skal sikre at alle fylkeslag har kapasitet og ressursar til å koordinere og hjelpe lokallaga samt starte nye lokallag. Tillitsvalde i fylkeslag skal ha dei riktige verktøya til å gjere arbeidet sitt og tilsette som hjelp i organiseringa. Eit nytt organisasjonsfond skal sikre midlar til fylkessekretærstillingar, og fylkeslaga skal få støtte i å styrke eigen økonomi. Alle fylkestilsette skal ha gode, inkluderande arbeidsmiljø, med like arbeidsvilkår på tvers av fylkeslaga.